



Kjem asfalten på dette uttørka elveleiet i år etter til neste år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den kommunale vegstumpen som utgjør første delen av Geilo minnar mest av alt om eit uttørka elvefar, har ein innsendar skreve til uskedalen.no. Mange stader er vegen berre hol i hol. Avdelingsingeniør Ivar Kåre Døssland i kommunen er med på at vegen er i ein dårleg forfatning, men opplyser at den "står litt på vent" med omsyn til asfaltering.

Uskedalingar som nyttar vegen hevdar at det har vore lova alfaltering av den sidan den vart opparbeidd i 1989. Trafikken på vegen har auka traftig, ikkje minst fordi også Uskedalen Oppvekstsenter no har det meste av inn- og utkøyringa si her, blir det påpeika.

- Vegen er ikkje blant dei som har første prioritet for dette året. Men strekninga er blant dei som eg har vurdert og eg har vore og sett på han saman med oppsynsmannen til asfalteringsfirmaet, seier avdelingsingeniøren.

- Men millionane skal rulle til asfaltering av kommunale vegar andre stader i Kvinnherad denne hausten, har vi høyr.

- Vi har 2,5 millioner på budsjettet til forarbeid og asfaltering av kommunale vegar og så langt er ein halv million nytta.

Vi startar asfalteringa av kommunale vegar kommande torsdag og først på lista står tre parsellar – på Bondhus, Seglem, og Kaldestad. Det er også fleire som står høgt på lista og som skal takast dette året.

Men hvis vi skulle komma billegare ut enn vi har rekna med totalt sett, kan det sjølvst sagt vera eit lite håp for vegstumpen i Uskedalen allereie dette året.

På den andre sida må det nemnast at vi lukkeligvis har att berre to kommunale vegstumpar i Uskedalen som ikkje har asfalt, men grus. Den andre er den inste biten av Eik-vegen, som står lenger nede på lista enn Geilo.

Det hadde sjølvst sagt vore fint å bli ferdig med asfalteringa av kommunevegane i denne bygda.

- Kommunale asfaltvegar må også reparerast....

- Sjølvst sagt, og vi har fleire asfaltvegar i Uskedalen som er i ein heller dårleg forfatning. Også på dei skulle det ha vore gjort noko snarast..

Eg tenkjer til dømes på Halsabrotet og vegen ned til trelastlageret, der det desutan også skal gravast. Men vi har ikkje nok pengar, sukker avdelingsingeniøren.

Av Ola Matti Mathisen



Ny asfalt er lagt på riksvegen mellom Dimmelsvik og Rød (biletet) dei siste vekene og denne veka kjem turen til kommunale vegar. Men ikkje til Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen).